

Bevaring av Vaksdalsvassdraget
Kontaktperson: Linda Lien
Tvesporvegen 42, 5725 Vaksdal
Mobil: 98033312
E-post: lindahlien@gmail.com

Dato: 07.11.2020

Til NVE
nve@nve.no

Uttale: Konsesjonssøknad, riving av Trollkjelsdammen, Vaksdal

Viser til søknad frå Småkraft AS om konsesjon til nedlegging og fjerning av dam Trollkjelen, Vaksdal kommune, Vestland, saksnummer 202001130.

Bevaring av Vaksdalsvassdraget (BaV) ønskjer med dette å uttale seg. Me ber om at dammen ikkje vert riven. Trollkjelsdammen har kulturhistorisk verdi, og inngår i eit levande industrihistorisk område, i tillegg til at riving av dammen vil endre landskapet i sentrum av Vaksdal i negativ retning.



Dammens tyding for landskapet

Dammen har stor tyding for landskapet og det estetiske uttrykket for sentrumsområdet. Det historiske møllebygget med Trollkjelen i framgrunnen, og Sørfjorden og Osterøy i bakgrunnen, er eit populært syn og eit identitesberande element i industribygda Vaksdal.

Det går gangveg, bilveg eller jernbanetrase forbi dammen på fire sider: På opp- og nedsida går det bru over dammen/fossen, medan det på begge langsidedene går bilveg. Dammen er difor lett synleg, og ein markant og sentral del av bygdeidentiteten. Mange nyttar området frå Vaksdal brannstasjon, via jernbanestasjonen, om mølla, via gangbrua over fossen og via den gamle mølleparken, som turområde. Her er dammen og utsikta vesentlege element av turopplevinga. Det pågår bygging av ny skule på Vaksdal, og også frå skulen vil ein ha utsikt mot dammen.

Det kom overraskande på BaV av det var eit mogeleg scenario at Trollkjelsdammen kan bli riven, all den tid dammen har vore ein sjølvstendig del av sentrumsbiletet sidan siste halvdel av 1800-talet. Å fjerne dammen vil utan tvil endre landskapet radikalt, og vere eit tilbakesteg for utviklinga av sentrum. I løpet av dei snart 150 åra som har gått sidan Trollkjelsdammen vart bygd, er folketalet nær ti-dobla, med påfølgjande utbygging av infrastruktur og busetnad. Bygda såg dermed heilt annleis ut på 1800-talet, då dammen vart etablert: Vert Trollkjelsdammen riven, vil området ikkje få attende eit opprinneleg uttrykk, men få eit utsjånad det aldri før har hatt.

Dammens tyding som kulturminne

Trollkjelsdammen er den mest sentrumsnære og tilgjengelege av alle dammane som til saman utgjer Vaksdalsvassdraget. Stemmegardane er bygde for hand, og mange av desse vert framleis opna og lukka med handkraft. Til saman utgjer stemmegardane ein eineståande del av norsk vasskrafthistorie, i eit vassdrag som framleis produserer straum og gjev inntekter til eigar.

Småkraft skriv i søknaden (s. 11):

«Foreløpige planer for gjennomføring går ut på at man rigger seg i Trollkjelsvegen og heiser ned nødvendig anleggsutstyr. Det kan imidlertid tenkes at det lar seg gjøre å etablere en anleggsveg inne i eksisterende magasin, men dette lar seg ikke fastslå før dammen er tømt tilstrekkelig til at situasjonen inne i magasinet lar seg bedømme. Betong/mørtel meisles bort, og blokker heises vekk med mobilkran og steinklype. Sedimenter som gjennom årene har dannet seg på bunnen av magasinet må arronderes for at elva kan renne naturlig gjennom kløfta under varierende vannføringer. Brukbar stein kjøres til depot i nærheten med tanke på å kunne benyttes i sammenheng med utbedring av de øvrige dammene tilhørende Møllen/Ardalen kraftverk. Øvrige stein/betongmasser deponeres i nærområdet, fortrinnsvis på eiendom tilhørende Småkraft AS, dette vil bli beskrevet nærmere i detaljplan. Det er en mulighet for at det under arbeidets gang vil vise seg vanskelig å fjerne hele dammen ned til opprinnelig bergkontur. I så fall vil det bli definert et nytt, lavere overløpsnivå, det vil bli prosjektert et overløp og det vil bli innsendt en ny klassifiseringssøknad og endret detaljplan».

Slik me les søknaden, kan det altså vise seg å bli naudsynt å erstatte dammen, som er eit kulturminne, med ein mindre, moderne installasjon, og dermed også eit nytt inngrep, noko som står i konflikt med uttale om at området blir tilbakeført til det naturlege. Opprinneleg var det heller ikkje rørygater i området, og desse vil bli meir synlege og dominerande om dammen vert fjerna. I tillegg går det fram av søknaden at det kan verte aktuelt å lage ein mellombels anleggsveg, samt at rørygata må sikrast med nye fundament.

Det er altså ikkje mogeleg å føre området tilbake til eit opprinneleg uttrykk. Området vil bli prega av rørygata, som vart etablert etter at Trollkjelsdammen vart bygd, samt nye fundament og eventuelt også ein ny terskel. Også vegar og bruer er etablerte med utgangspunkt i dammen, og ville gjerne blitt plassert annleis i landskapet om dammen ikkje eksisterte. Estetisk vil det etterlatte inntrykket vere av eit indistruelt prega område, med ulike installasjonar som vert meir synlege om Trollkjelsdammen vert fjerna, og ikkje ei frittrennande, naturleg elv. Det er liten tvil om at det estetiske uttrykket i området vert vesentleg forringa ved ei eventuell riving.

Kommentar til forslag om å overføre dammen til lokale krefter

I søknaden vert det vist til at dammen er i dårlig stand, og ein utgiftspost for Småkraft AS (s. 5):

«Revurdering i hht Damsikkerhetsforskrifta utført nylig påviser at den både er ustabil og mangler flomavledningsevne. Dammen er plassert i konsekvensklasse 2, bl.a. på grunn av Bergensbanen som passerer like nedstrøms dammen».

Me ønskjer med bakrunn i dette også kommentere utsegnen i søknaden om at det vil vere til glede for alle partar om andre overtek dammen (s. 16):

«Forholdet er således at de som har glede og nytte av dammen er uten forpliktelser, verken økonomisk eller administrativt for dammens tilstand og sikkerhet. De som har slikt ansvar – Småkraft AS – har verken nytte eller glede av dammen. For Småkraft representerer derfor dammen et ansvar og kostnad så lenge den blir stående, inklusiv en kostbar oppgradering der omfang og kostnad ikke er kjent pr i

dag. Småkrafts primære mål er ikke i seg selv fjerning av dammen, men å frigjøre seg fra ansvar og kostnader. Om dem som har nytte og glede av dammen vil overta den, vil dette være til glede for alle parter».

Det er rett at det er til glede for lokalfolket og andre om dammen vert ståande, men det er også heilt klart at det påfører lokalfolket ein økonomisk byrde om ein skal drifte og vedlikehalde dammen. Sjølv om Småkraft AS yter eit eingongstilskot, vil ein ikkje ha inntekter frå det resterande vassdraget, slik Småkraft AS har. Dammen må dermed eventuelt driftast på dugnad. Bygdefolket på Vaksdal driftar allerie alt frå idrettslag, natteravner, arbeidarsbustaden Synken, leikeparkar og ungdomsklubbar på dugnad. I tillegg vert det arbeid med å etablere eit besøkssenter med utgangspunkt i industrihistoria. Det er vanskeleg å sjå for seg at ein skal ha kapasitet til å drifte ein dam i tillegg.

I tillegg er det grunn til å stille spørsmål til samfunnstryggleiken om ansvaret for dammen vert overført til f.eks. ein frivillig organisasjon. Som mange lokalsamfunn erfarer, kan dugnadsviljen variere, f.eks. i takt med endring i storleiken på barnekull og om eldsjeler flyttar til eller frå bygda. Som Småkraft AS skriv i søknaden, kan manglande kontroll og vedlikehald av dammen få store og alvorlege konsekvensar både for bedriftene som held til i møllekomplekset nedanfor dammen, men også for jernbana. Kva skjer om organisasjonen manglar midlar og oppslutnad, og vert avvika eller går inn i ein passiv fase? Kven vil då stå ansvarleg for at dammen er trygg, eller eventuelt finansiere kostnaden med å få dammen riven? Det er nærliggjande å tenkje at det er ein stor skilnad på å overta ansvaret for ein bustad, som f.eks. den gamle arbeidarsbustaden Synken. Bustaden er drifta av Synkens venner, og potensielt manglande vedlikehald vil få avgrensa konsekvensar, samanlikna med scenarioa som kan oppstå ved manglande vedlikehald av ein dam. Me stille difor spørsmål til om ein har tenkt grundig igjennom konsekvensane ved eit slik forslag.

*Mvh. Bevaring av Vaksdalsvassdraget,
kontaktperson: Linda Lien*

